Deloitte meiner at KIM AS bør utarbeide rutinar for økonomistyring, og heller ikkje for budsjettoppfølging	<p>Dette arbeidet er starta opp med diskusjonar i styret. Ein har relativt gode rutinar for økonomistyring, men ser at det er forbettringspotensiale på dette området.</p> <p>Alle innkjøp ut over «ordinær drift» drøfta dagleg leiar med styreleiar. Så langt er det ikkje gjort større investeringar i selskapet «i mi tid»</p> <p>Der er gjort tiltak for å betre likviditeten, og eksternt rekneskapsbyrå handterer rekneskapen til KIM AS etter lov og avtaleverk.</p> <p>Det er gjort eit vesentleg og grundig arbeide i å få etablert gode budsjett rutinar for KIM AS. Dette arbeidet vert gjort saman med rekneskapsbyrået - Hagel</p>

Knarvik 31.01.2019

Morgan Taule
Dagleg leiar KIM

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
	Ungdomsrådet	PS	
012/19	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	PS	25.03.2019
023/19	Formannskapet	PS	28.03.2019
020/19	Kommunestyret	PS	04.04.2019

Saksbehandlar	ArkivsakID
Renate Fossdal Tveiten	19/919

Revidert Skisseprosjekt og romprogram Hall Ostereidet (562782)

Vedlegg:

12.03.19 Alternativer Ostereidet

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

1. Rådmannen legg fram ulike alternativ til løysing for hall Ostereidet, jfr. vedtak i formannskapet 14.02.19 (sak 4/19)

Val av endeleg alternativ vil vere grunnlag for eit nytt rom- og funksjonsprogram og skisseprosjekt.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne - 012/19

RMNF - behandling:

Orientering til saka v/Line Valle-einingsleiar Eigedom
Ingen merknader, samrøystes.

RMNF - vedtak:

Ingen merknader.

Formannskapet - 023/19

FO - behandling:

Orientering ved eigedomssjef Line Merethe Valle.

Fellesframlegg:

1. Kommunestyret vedtek å gå vidare med alternativet handball-hall på Kollen med (brutto) kostnadsramme 81 mill.
2. Kommunestyret gjer endeleg vedtakk etter anbod er komen inn og leverandør er valgt. Fellesframlegget vart samrøystes vedteke.

FO - vedtak:

1. Kommunestyret vedtek å gå vidare med alternativet handball-hall på Kollen med (brutto) kostnadsramme 81 mill.
2. Kommunestyret gjer endeleg vedtakk etter anbod er komen inn og leverandør er valgt.

Saksopplysningar:

Saka skal til uttale i Ungdomsrådet

Saka skal til uttale i Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Saka skal til innstilling i Formannskapet


Saka skal avgjerast i Kommunestyret

Bakgrunn generelt

Kommunedelplan for idrett, aktivitet og friluftsliv 2016-2024 vart vedteke i kommunestyret 27.10.16 (Sak 081/16). Som eit resultat av dette ligg ny hall på Ostereidet inne i investeringsbudsjettet med kr. 50 millionar inklusiv moms. Vedtatt oppstart av investeringsprosjektet er i 2018 (069/18 - 18/17108 - Økonomiplan 2019-2022). I framlegg til økonomiplan er det lagt inn forslag på 15 millionar inklusiv moms i 2020 til veg/infrastruktur og ramma på 50 millionar vert justert med reel løns og prisjustering.

16.oktober -18 vedtok Plan- og miljøutvalet (PMU) lokalisering av ny hall, sjå illustrasjon 1.

Illustrasjon 1



18.oktober -18 vart «Prosjektmandat - justert framdrift -hall Ostereidet» lagt fram for formannskapet (094/18 – 18/30661). I mandatet var det lagt opp til politisk vedtak av byggeprogram første kvartal 2019 (KO) og forprosjekt (FO/KO) i andre kvartal 2019. Målet var da å kunne levere eit ferdig bygg juni 2021.

11 november -18 vedtok kommunestyret romprogrammet, sjå illustrasjon 2.

Illustrasjon 2

Namn	Areal, m2
Garderobe	4x30
Dusj	4x22
HC WC	4x 6
Vaskerom/lager	25+3+3
Hall	1125 Fri golvflate på 25 x 45 m, som gir ein speleflate for handball og innebandy, 20 x 40 m, føreskrivne sikkerheitssoner og plass for sekretariat utanfor sikkerheitssonene.
Lager	120
Dommar, WC/Dusj	Naudsynt areal for å ivareta funksjon
HC Dommar, HC WC/Dusj	Naudsynt areal for å ivareta funksjon
Kontor	10
Møterom/kontor	20-30
Kiosk	25
Vestibyle	50

I tillegg til nemnte areal kjem areal til kommunikasjonsareal/korridor, tribune, sikkerheitssonar, teknisk rom og publikumstolett.

Då romprogrammet for ny hall vart vedtatt starta samarbeidet med arkitekt. Arkitektane utarbeida to alternativ for plassering av idrettshallen og utforming av bygget med bakgrunn i vedtatt romprogram. Begge alternativ medførte ein auke i kostnader i høve til vedtatt ramme på 50 millionar. Alternativa blei presentert for formannskapet 14. februar, sak 19/2850

I formannskapet 14. februar vart følgjande vedtatt:

1. Osterhallen skal realiserast innanfor den kostandsramma som er sett i økonomiplanen. Hallen skal byggjast på eiga tomt.
2. Hallen skal integrerast med eksisterande idrettsbygg, og doble funksjonar skal unngåast så langt råd er.
3. Hallen skal tilfredsstille krava for tildeling av spelemidlar.
4. Rådmann vert beden om å koma attende med eit nytt skisseprosjekt og spesifikt kostnadsoversikt inkl.infrastruktur i tråd med ramma.

Arbeidet med utvikling av hallen og arbeidet med områdeplan for Ostereidet blir koordinert tett for å kunne halde så god framdrift som mogleg. Vedtatt framdriftsplan for hall Ostereidet frå 18 oktober 2018 , er derimot ikkje mogeleg å halde ettersom vedtaket i formannskapet 14.februar bed om nye framlegg til skisser og kostnadsoverslag. Dette vart belyst av administrasjonen i framlegging av saka i FO.

Bakgrunn

Etter vedtak i FO 14. februar fekk arkitekten i oppgåve å utgreie mogelege plasseringar innanfor Lindås kommune si eiga tomt på skuleanlegget på Ostereidet. Arkitekt fekk også moglegheit til å sjå på andre alternativ til romprogrammet og krav om 10 MNOK i spelemidlar.

Administrasjonen ønskjer i denne saka å leggje fram dei ulike variantane av plassering som arkitektane har kome fram til og konsekvensane av desse.

Føremålet med godkjenning av revidert skisseprosjekt er at arkitekt kan fortsetja arbeidet med å teikne ut nytt bygg. Prosjektet vil dermed få tilstrekkeleg grunnlag til å kostnadsestimere utbygginga i eit byggjeprogram. På bakgrunn av utfordringane med å finne nok areal til hallen, må parkering og veg direkte tilknytt hallen endrast i høve til dagens situasjon. Dette koordinerast mot arbeidet med områdeplan for Ostereidet som styrast av planavdelinga.

Vurdering

1. Overordna

I Kommunedelplan for idrett, aktivitet og friluftsliv 2016-2024 er det lagt inn ein fleirbrukshall med mogelegheit for spelemidlar på inntil 10 millionar kroner. Dette er det som gjerne omtalast som ein normalhall, det vil seie ein hall med fri golvflate på 25 x 45 m, som gjev ein speleflate for handball og innebandy, 20 x 40 m. Tilskot av spelemidlar inngår som ein del av finansieringa av praktisk talt alle idrettshallar som byggjast i Norge. Hall i basketballstørrelse har mogelegheit for spelemidlar på inntil 5 millionar kroner, medan ein hall i volleyballstørrelse gjer mogelegheit for spelemidlar på inntil 4 millionar kroner.

Kulturdepartementets føresegner for tilskotsordninga, med vilkår for tilskot, og krav til utforming av anlegg blir dermed i stor grad førande for korleis anlegga skal planleggjast og byggjast.

Reviderte skisser til hall Ostereidet:

Arkitekten leverte 6 alternativ der 4 av desse var nye sett i høve til opprinneleg skisseprosjekt. Prosjekteringsgruppa har supplert alternativa med kostnader som kjem som følge av auka krav gjennom områdeplanen. Dette knyt opp mot kostnader til utviding av veg og parkeringsplassar. Det endelege resultatet gjev 7 alternativ, der 5 alternativ er nye, samanlikna med skisseprosjekt framlagt i FO 14.februar.

Alternativ	Storleik, speleflate	Mogelig tildeling av spelemidlar	Kostnadsramme	
1	Handball-hall på kollen	25m x 45m	10 MNOK	81 mill
2	Basketball-hall på kollen	20m x32m	5 MNOK	63 mill
3	Volleyball-hall på kollen	16m x24m	4 MNOK	51 mill
4	Handballhall på grusbana	25m x 45m	10 MNOK	72 mill
5	Basketball-hall på grusbana	20m x 32m	5 MNOK	57mill
6	Volleyball-hall på grusbana	16m x 24m	4 MNOK	47 mill
7	Handball-hall på flaten	25m x 45m	10 MNOK	72 mill

Presisering av nokre tilhøve:

1) Integrering til eksisterande idrettsbygg (symjehall)


Tillegg for samanbygging med eksisterande symjehall vert kostnadsestimert til min 3,5 mill. Dette inkluderar kun kostnad for ekstra bygningsmasse, riving og tilpassing til bygg. Det kjem ein del usikkerheiter i tillegg. Til dømes ligg det store usikkerheiter i standard på eksisterande bygg. Her trengs det ei større kartlegging på eksisterande bygg for å kunne gje meir presise tal. Ei samanbygging av to bygg med ulik standard gjev også store utfordringar med tanke på kva for krav som vert stilt til universell utforming. Det nye bygningsvolumet må omsøkes med dispensasjon for universell utforming på det eksisterande eller alternativtrekne ein stor usikkerheit på tiltak for å sikre universell utforming i eksisterande bygg. Det kjem også tillegg for brannomsyn og ev branntiltak til denne summen. Det er på dette stadiet ikkje gjort ei fullstendig kartlegging av usikkerheiter.

2) Kostnad knytt til etableringa av pumpestasjon for brannvatn er inkludert i budsjettet.

Kostnad knytt til etableringa av pumpestasjon for brannvatn er inkludert i budsjettet Estimerte kostnader ligg mellom 2 MNOK til 1,6 MNOK. Kapasiteten på brannvatn i området er ikkje tilstrekkeleg for å kunne dekke krava til ein ny fleirbrukshall. Det er difor naudsynt å auke kapasiteten i samband med bygging av hallen.

3) For samanlikning av storleikar på speleflata:

- storleiken på speleflata i eksisterande idrettshall på Ostereidet er ca 10 x 20m
- storleiken på speleflata i Storstova på Leiknes er litt større enn 16 x 24m



Oversyn over lokalisering av dei 7 alternativa

Alle alternativa må sjåast på som ein grovoppstilling. Alle detaljer og utfordringar i alternativa er ikkje utgreia då prosjektet framleis er på eit tidleg stadium. Planteikningar og lokalitetar for dei ulike alternativ er vist i vedlegg til saka.

Under kjem ei opplisting av nokre fordelar og ulempa ved dei to ulike lokalitetane «Kollen» (mellom eksisterande gymsal/symjehall og ungdomsskulen) og «Grusbana» (på eksisterande grusbane mellom ungdomsskulen og barneskulen)

Detaljer kostnadsoverslag, pr alternativ :

Kalkyle Handball-hall på kollen (1)	Kostnad
Kostnad for bygget	36 410 000
Utendørs arbeider, inkl. vann/avløp og vei/p-plasser	8 954 200
Prosjektering, ledelse, administrasjon, gebyrer	5 443 704
Merverdiavgift	12 701 976
Forventede tillegg fra entreprenør (inkl. mva) 5.5%	3 493 043
Usikkerhetsavsetning (inkl. mva) 20%	13 400 585
Kostnadsramme	80 403 508

Basketball-hall på kollen (2)	Kostnad
Kostnad for bygget	27 622 000
Utendørs arbeider, inkl. vann/avløp og vei/p-plasser	7 914 950
Prosjektering, ledelse, administrasjon, gebyrer	4 264 434
Merverdiavgift	9 950 346
Forventede tillegg fra entreprenør (inkl. mva) 5.5%	2 736 345
Usikkerhetsavsetning (inkl. mva) 20%	10 497 615
Kostnadsramme	62 985 690

Volleyball-hall på kollen (3)	Kostnad
Kostnad for bygget	21 714 000
Utendørs arbeider, inkl. vann/avløp og vei/p-plasser	7 065 450
Prosjektering, ledelse, administrasjon, gebyrer	3 453 534
Merverdiavgift	8 058 246
Forventede tillegg fra entreprenør (inkl. mva) 5.5%	2 216 018
Usikkerhetsavsetning (inkl. mva) 20%	8 501 450
Kostnadsramme	51 008 697

Handballhall på grusbana (4)	Kostnad
Kostnad for bygget	34 658 000
Utendørs arbeider, inkl. vann/avløp og vei/p-plasser	5 739 700
Prosjektering, ledelse, administrasjon, gebyrer	4 847 724
Merverdiavgift	11 311 356
Forventede tillegg fra entreprenør (inkl. mva) 5.5%	3 110 623
Usikkerhetsavsetning (inkl. mva) 20%	11 933 481
Kostnadsramme	71 600 883

Basketball-hall på grusbana (5)	Kostnad
Kostnad for bygget	26 482 000
Utendørs arbeider, inkl. vann/avløp og vei/p-plasser	5 414 325
Prosjektering, ledelse, administrasjon, gebyrer	3 827 559
Merverdiavgift	8 930 971
Forventede tillegg fra entreprenør (inkl. mva) 5.5%	2 456 017
Usikkerhetsavsetning (inkl. mva) 20%	9 422 174
Kostnadsramme	56 533 046

Volleyball-hall på grusbana (6)	Kostnad
Kostnad for bygget	21 314 000
Utendørs arbeider, inkl. vann/avløp og vei/p-plasser	5 251 950
Prosjektering, ledelse, administrasjon, gebyrer	3 187 914
Merverdiavgift	7 438 466
Forventede tillegg fra entreprenør (inkl. mva) 5.5%	2 045 578
Usikkerhetsavsetning (inkl. mva) 20%	7 847 582
Kostnadsramme	47 085 490

Handball-hall på flaten (7)	Kostnad
Kostnad for bygget	33 589 000
Utendørs arbeider, inkl. vann/avløp og vei/p-plasser	6 810 000
Prosjektering, ledelse, administrasjon, gebyrer	4 847 880
Merverdiavgift	11 311 720
Forventede tillegg fra entreprenør (inkl. mva) 5.5%	3 110 723
Usikkerhetsavsetning (inkl. mva) 20%	11 933 865
Kostnadsramme	71 603 188

Vurderingar av plasseringane «Kollen» og « Grusbana»:

Lokalitet	Fordelar	Ulemper
«Kollen»	Kan ivareta eksisterande aktivitet på grusbana/friidrettsbana	Fjernar eit fint naturområde
	Meir oversiktleg veg for varetransport og uttrykning	Uklårt korleis «innhogget» i kollen vert, får ei høg skjæring i bakkant av bygget
		Mindre vrimleareal, litt trangt ved inngongen
«Grusbanen»	Får eit betre vrimleareal utanfor bygget	Dagens aktivitet på grusbana/friidrettsbana vert redusert
	Meir synergieffektar med meir omkringliggande uteareal. Området kan vidareutviklast.	Eksisterande veg opp til bana er smal – gjev tronge tilhøve for varelevering og uttrykning.
		Mindre synergiefekt mot eksisterande bygg (dersom ikkje samankobling)

Romprogram:

Romprogrammet vart vedtatt 11 november -18 i kommunestyret, sjå illustrasjon 2.

Av alternativ 1-7 i revidert skisseprosjekt er det tre alternativ som møter krava i vedtatt romprogram. Det er alternativ i håndballstorleik:

Alternativ	Storleik	Kostnadsoverslag
1 Handballhall på kollen	25m x 45m	81 MNOK
4 Handballhall på grusbana	25m x 45m	72 MNOK
7 Handballhall på flaten	25m x 45m	72 MNOK

Dei 4 andre alternativa møter ikkje krava i vedtatt romprogram, men ligg nærare den økonomiske ramma på 50 MNOK. Dersom det vert aktuelt å gå vidare med eitt av dei 4 alternativa må ein vedta nytt romprogram i KO.

Det opprinnelege romprogrammet var basert på ein grundig brukar- og medverknadsprosess. Prosjektgruppa meiner difor å ha god kunnskap om behova knytt til hall på Ostereidet.

Alle dei foreslått reduserte romprogramma knytt til dei nye alternativa inneheld dei same funksjonane som i vedtatt romprogram. Nokre rom er større og nokre rom er mindre enn i vedtatt romprogram, men totalarealet er alltid lågare.

Romprogramma inneheld berre areal som er naudsynte for at ein hall skal fungere og for å kunne søkje om spelemidlar. Dei einaste areala som ikkje er absolutt naudsynt er ein «romsleg» vestibyle og kiosk. Dette er det einaste reelle areala som er mogleg å diskutere i ein evt. ny brukarmedverknadsprosess. I tidlegare dialog med brukarar og bygdelaget har ønskje om ein stor vestibyle og kiosk vore høgt prioritert.

Konklusjonen til prosjektgruppa er difor at ein brukarmedverknadsprosess ikkje er naudsynt på dette tidspunktet. Dette også med omsyn til framdrifta i prosjektet.

Oversikt over foreslått reduserte romprogram:

Alternativ 2: Basketball-hall på kollen:

Funksjon	Opphavelig storleik, m ²	Ny storleik, m ²	Skilnad, m ²
Garderobe, dusj, HCWC	232	288,8	56,8
Vaskerom/lager	31	37,7	6,7
Hall	1125	640	-485
Lager	120	168,7	48,7
Kontor	35	39,6	4,6
Kiosk	25	26,5	1,5
Vestibyle	50	88,7	38,7
Sum	1618	1290	-328

Alternativ 3: Volleyball-hall på kollen:

Funksjon	Opphavelg storleik, m ²	Ny storleik, m ²	Skilnad, m ²
Garderobe, dusj, HCWC	232	288,8	56,8
Vaskerom/lager	31	37,7	6,7
Hall	1125	384	-741
Lager	120	121,4	1,4
Kontor	35	39,6	4,6
Kiosk	25	26,5	1,5
Vestibyle	50	88,7	38,7
Sum	1618	986,7	-631,3

Alternativ 5: Basketball-hall på grusbanen:

Funksjon	Opphavelg storleik, m ²	Ny storleik, m ²	Skilnad, m ²
Garderobe, dusj, HCWC	232	286,5	56,8
Vaskerom/lager	31	42,5	6,7
Hall	1125	640	485
Lager	120	168,7	1,4
Kontor	35	31,2	4,6
Kiosk	25	20,8	1,5
Vestibyle	50	74	38,7
Sum	1618	1263,7	-354,3

Alternativ 6: Volleyball-hall på grusbana

Funksjon	Opphavelg storleik, m ²	Ny storleik, m ²	Skilnad, m ²
Garderobe, dusj, HCWC	232	286,5	54,5
Vaskerom/lager	31	42,5	11,5
Hall	1125	384	-741
Lager	120	121,4	1,4
Kontor	35	31,2	-3,8
Kiosk	25	20,8	-4,2
Vestibyle	50	74	24
Sum	1618	960,4	-657,6

Merk! I tillegg til nemnde areal kjem areal til kommunikasjonsareal/korridor, tribune, sikringssonar, teknisk rom og publikumstoalett

Samletabell, nye alternativ i nærleiken av kostnadsramma på 50 MNOK:

Alternativ, lokalitet	Lokalitet	Storleik, m ²	Mogeleg tildeling av spelemidlar	Estimert kostnad
Alternativ 2:	Kollen	Basketballhall	5 MNOK	63 MNOK
Alternativ 3	Kollen	Volleyballhall	4 MNOK	51 MNOK
Alternativ 5	Grusbanen	Basketballhall	5 MNOK	57 MNOK
Alternativ 6	Grusbanen	Volleyballhall	4 MNOK	47 MNOK

Referansar

[1] Bestemmelser om tilskudd til anlegg for idrett og fysisk aktivitet - 2018 (V-0732 B)

[2] Veileder: Idrettshaller. Planlegging og bygging (V-0989B)


[3] Kommunedelplan for idrett, aktivitet og friluftsliv 2016-2024

Tilråding


Rådmannen legg fram ulike alternativ til løysing for hall Ostereidet, jfr. vedtak i formannskapet 14.02.19 (sak 4/19)

Val av endeleg alternativ vil vere grunnlag for eit nytt rom- og funksjonsprogram og skisseprosjekt.

BTA
1 164,1 m²



BTA
503,1 m²




1. ETASJE

2. ETASJE



BTA
1 144,1 m²



BTA
483,1 m²



1. ETASJE

2. ETASJE



Basketball



Volleyball

C:\Users\vidar\OneDrive\Documents\617674-01\Oversiktskart\AC_02\Tegning\asplan viak\Oversiktskart_på kollen_Basket/Volley/Volleyball.dwg - 12.03.2019 11:00:00



Håndball

Basketball

Prosjekt: **Ny flerbrukshall, Ostereidet**
 Oppdragsgiver: **Lindås kommune**

asplan viak
 Fase: **Skisseprosjekt**

Tegning: **Oversiktskart_grusbane_Hånd/Basket**

Oppdragsleder: Vidar Myrnes	Gnr./Bnr.:	Målestokk: 1:1000 (A3)	Tegn. nr.:	Rev.:
Oppdragsnr.: 617674-01	Kontr.:	Tegn.:	AC 03	
		msc	Dato: 12.03.2019	Fag Type Et./øpenr.

#:\s\prosjekt\oppgaver\17044\1\dokument\av\ac_03\Tegning\skisse\Oversiktskart_Grusbane_HandBasket\Oppdragsnr=617674-01

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
072/17	Plan- og miljøutvalet	PS	28.06.2017
021/19	Kommunestyret	PS	04.04.2019

Saksbehandlar	ArkivsakID
Line Thuen Waage	14/5177

Godkjenning av planprogram for områdeplan Lonena, plan-ID 1263-201610

Vedlegg:

Godkjenning av planprogram for områdeplan Lonena - SAKSFRAMLEGGReferat frå styringsgruppemøte 10.mai 2017 - merknadsmøteMerknadsskjema-Planprogram Lonena Opus 01.05.17Høringsuttalelser til planprogramOppstart områdereguleringsplan med planprogram for - gbnr 185/284 Isdal (Lonena)Planprogram for Lonena områdeplan 16.6.2017

Plan- og miljøutvalet - 072/17

PM - behandling:

Fellesframlegg frå H og Frp v/T. Larsen-H:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak med følgende endringer:

1: Endring punkt 5: Innhald i planskildring

Våtmarksområdet

Vurdering av framtidig bruk og eventuell vern av våtmarksområdet. Grunnlaget for arealbruk i/kring våtmarksområdet skal baserast i konsekvensutgrei inga for hydrologi.

Endres til :

Vurdering av framtidig bruk, foredling og eventuell vern av våtmarksområdet. Grunnlaget for arealbruk i/kring våtmarksområdet skal baserast i konsekvensutgreiinga for hydrologi.

2: Punkt 7.1

Stryk Alternativ 3 : Utbyggingsalternativ for anslagsvis 400 bueiningar. Innledende tekst til punkt 7.1 må endres slik at det står i stil med fjerning av alternativ 3. Administrasjon/Opus får fullmakt til redaksjonell endring for å ivareta dette.

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Det vart røysta punktvis over framlegget frå H/Frp:

Punkt 1 vart samrøystes vedteke.

Punkt 2 fekk 4 røyster og fall (H, Frp)

PM - vedtak:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak med følgende endringer:

1: Endring punkt 5: Innhald i planskildring

Våtmarksområdet

Vurdering av framtidig bruk og eventuell vern av våtmarksområdet. Grunnlaget for arealbruk i/kring våtmarksområdet skal baserast i konsekvensutgrei inga for hydrologi.

Endres til :

Vurdering av framtidig bruk, foredling og eventuell vern av våtmarksområdet. Grunnlaget for arealbruk i/kring våtmarksområdet skal baserast i konsekvensutgreiinga for hydrologi.

Saksopplysningar:

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
037/19	Plan- og miljøutvalet	PS	27.03.2019
022/19	Kommunestyret	PS	04.04.2019

Saksbehandlar	ArkivsakID
Hans Kristian Dolmen	16/787

Reguleringsplan Eikefet og Urdal - Steinbrot og deponi - Endring - 2.gongs handsaming - planID 1263-201107

Vedlegg:

Regplan Eikefet Urdal Steinbrot og Deponi Planskildring 150618Regplan Eikefet Urdal Steinbrot og Deponi Plankart 240119Regplan Eikefet Urdal Steinbrot og Deponi Føresegner 240119Regplan Eikefet Urdal Steinbrot og Deponi Flomberegning 090418Regplan Eikefet Urdal Steinbrot og Deponi Flomsonekart 020518Regplan Eikefet Urdal Steinbrot og Deponi Flomsone rapport 030518Regplan Eikefet Urdal Steinbrot og Deponi SkredfarekartRegplan Eikefet Urdal Steinbrot og Deponi Skredfarevurdring 100518Regplan Eikefet Urdal Steinbrot og Deponi Støysonekart 290317SAK PMU 113-07 181017

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

I medhald av plan- og bygningslova § 12-12, vedtek kommunestyret å godkjenne endring av reguleringsplan for Eikefet – Urdal Steinbrot og deponi, planID 1263-201007.

1. Gjeldande plandokument vert planskildring (15.6.2018), føresegner (24.1.2019) og plankart (24.1.2019) i målestokk 1:3000 i A0.

.....

Plan- og miljøutvalet - 037/19

PM - behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke

PM - vedtak:

Innstilling frå Plan- og miljøutvalet 27.03.2019:

I medhald av plan- og bygningslova § 12-12, vedtek kommunestyret å godkjenne endring av reguleringsplan for Eikefet – Urdal Steinbrot og deponi, planID 1263-201007.

1. Gjeldande plandokument vert planskildring (15.6.2018), føresegner (24.1.2019) og

plankart (24.1.2019) i målestokk 1:3000 i A0.

Saksopplysningar:

Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i Plan- og miljøutvalet og avgjerast i Kommunestyret.

Bakgrunn

Reguleringsplanen er utarbeidd av Multiconsult for Lindum AS og Oster Utvikling AS. Føremålet med reguleringsendringa er å legge til rette for etablering av deponi for mottak av ureine masser innanfor tidlegare steinbrot som i dag fungerer som sedimenteringsbasseng for steinbrotet.

Nytt sedimenteringsbasseng for den ordinære drifta må etablerast for å kunne ta i bruk det gamle steinbrotet til deponi. Vidare er det lagt til rette for utbetring av tilkomst til området og opna opp for etablering av reinseanlegg. Det er utarbeidd konsekvensutgreiing for det nye tiltaket som vert gått gjennom under.

Planområdet omfattar heile planområdet for reguleringsplanen Eikefet-Urdal, utviding av steinbrot som vart vedteken i 2012. Denne planen tok for seg ei utviding av aktiviteten for å kunne nytte meir areal til uttak av stein i området.

Høyring og offentleg ettersyn

Plan- og miljøutvalet gjorde i sak 113/17, 18.10.2017 vedtak om at framlegg til endring av reguleringsplan for Eikefet – Urdal Steinbrot og Deponi, kunne leggjast ut til høyring og sendast på offentleg ettersyn. Framlegget til plan låg ute i perioden 08.11.2017 – 20.12.2017.

I høyringsperioden kom det inn til saman 9 innspel, 7 frå offentlege organ og 2 grunneigar, inkludert motsegn frå Noregs vassdrags og energidirektorat. Motsegna gjaldt ROS-analyse og kartlegging og sikring i høve til naturfare. Det er elles merknader til mellom anna natur- og miljøtilhøve, handtering av elektriske anlegg, belastning på veg og framkommelighet, tryggleik og forureining.

I det følgjande er ein kortfatta gjennomgang av alle innspel. Konsulent er bedt og å gje si vurdering og innspela er kommentert frå Lindås kommune der det er naudsynt. Vidare er ein nærare gjennomgang av motsegn frå NVE og tilhøvet i nokre av grunneigarar sine innspel.

Offentleg ettersyn	Merknad / innspel	Kommentar konsulent og Lindås kommune
Statens vegvesen	Dette er endring av tidlegare godkjent plan, etablering av deponi, etablering av nytt sedimaentasjonsbasseng, utbetring av tilkomst Oppstartsmelding (tema frå SVV), tiltak ved E39, KU (Støy og ureining) Løysingar for E39; framlegg til plan er ikkje lik godkjent plan, må endrast slik at det syner same løysing og føremål	Konsulent Areal i plankart o_SAA er den del av reguleringsplan for ny E39 Eikefet-Romarheim (PlanID: 1263-201203) som overlappar planforslaget Det vil sei at planen til vegvesenet er gjeldande innanfor dette arealet. Løpenummer på vegar i plankartet er endra som følgje av dette Andre verknader for E39-planen er omtalt i kapittel 7.1

		<p>Lindås kommune</p> <p>Justert framlegg tek i vare gjeldande reguleringsplan for E39 Eikefet - Romarheim</p>
Bergen Omland Hamnevesen	<p>Delegert mynde til lov om havner og farvann, føremål god framkomeleghet, trygg ferdsle og farsvarleg bruk og forvaltning</p> <p>Planframlegg ikkje i konflikt med forvaltningsansvar</p> <p>Peiker på:</p> <ul style="list-style-type: none"> Bi-led, Ystasundet (Kystverket) <p>Gytefelt torsk, Ystasundet (Fiskeridirektorat)</p> <p>Tiltak i sjø krev godkjenning (BOH)</p>	<p>Konsulent</p> <ul style="list-style-type: none"> Planforslaget er avgrensa til å ikkje omfatte Bi-led 2263 Molviksundet som går via Ystasundet Gytefelt for torsk aust av Fyllingsnes går heilt inn mot plangrense. Planforslaget fører ikkje til endringar som gjer at tåleevna til økosystemet i fjorden vert nådd Tiltakshavar er kjent med regelverk knytt til godkjenning for tiltak i sjø
DMF (DIRMIR)	<p>Forvaltning og utnytting av mineralske ressursar</p> <p>DMF vart ikkje varsla om oppstart, ber om at dette rettast i framtida</p> <p>Føresegn 7.8 må endrast til ordinær føresegn da det ikkje er fatta vedtak om bandlegging etter minerallova for området</p>	<p>Konsulent</p> <ul style="list-style-type: none"> Område tidlegare vist som omsynssone H740 Bandlegging etter minerallova er tatt ut av planforslaget
BKK AS (Eigedom)	<p>Sikre tilkomst til eigedom gnr 224 bnr 1, 2, 3 og 5, dersom plan eller tiltak rører ved eksisterande må tiltakshavar her sikra ny eller tilsvarande tilkomst</p>	<p>Konsulent</p> <ul style="list-style-type: none"> Planforslaget opnar for utbetring av avkøyrsløse ved Store Aurdal Planlagt tiltak vil ikkje påverke eksisterande veg mot Aurdalen og eigedomane til BKK
BKK NETT AS	<p>Felles for elektriske anlegg</p> <p>Tilkomst og terrengendringer</p> <p>Innteikning på plankart</p> <p>Anlegg etablert etter områdekonsesjon</p> <p>(distribusjonsnett)</p> <p>Eksisterande høgspennings luftledning</p> <p>Eksisterande høgspenningskablar</p> <p>Behov for ny nettstasjon – samt tilhøve til eksisterande frittliggande nettstasjon – er det behov?, egne bygg eller rom i eksisterande, byggjeavstand, areal, føresegn</p>	<p>Konsulent</p> <p>Det er sett av areal til faresone for Høgspenningsanlegg</p> <p>Kabelanlegg i bakken er ikkje teikna inn i tråd med BKK sine retningslinjer</p> <p>Eksisterande luftleidningar er teikna inn i plankartet med tilhøyrande faresone</p> <p>Det er ikkje satt av areal til nettstasjon, men det skal vere tilstrekkeleg areal innanfor midlertidig anleggssone til å flytte høgspennmast og transformator ved behov</p> <p>Planlagt tiltak er ikkje venta å krevje behov for ny nettstasjon</p>
Offentleg ettersyn	Merknad / innspel	Kommentar konsulent og Lindås kommune
NVE	<p>MOTESEGN</p> <p>ROS-analyse</p> <p>ROS analyse ikkje er gjennomført med tilstrekkelig kvalitet</p> <p>Potensiell flaum- og skredfare som ikkje er tilstrekkelig utgreidd</p> <p>Naturfare</p> <p>Planen generelt opnar for inngrep i verne vassdrag som det ikkje er gjort greie for er naudsynt</p> <p>Heller ikkje konskevansvurdert i høve til ålmenne interesser i vassdrag</p>	<p>Konsulent</p> <p>ROS-analyse er gått gjennom på nytt når det gjeld flaum- og skredfare</p> <p>Det er gjennomført nye skred- flaumvurderingar for planområdet i samsvar med krav stilt i TEK17. Det er lagt inn nye skred- og flaumfaresoner i plankartet med bakgrunn i utgreiingane</p> <p>Føresegn 6.2 er endra. Det er ikkje tillate å gjere nye inngrep i Eikefetelva</p> <p>Lindås kommune</p> <p>Sjå eiga punkt nedan for</p>

Kystverket	Kystverket les framlegg til plan som at all transport til deponi skal skje på E39 Viss sjøtransport og hamnverksemd ikkje er inkludert har dei ikkje merknadar til planen	Konsulent Transport av massar vil i hovudsak komme frå E39 Føresegn om at Kai SK2 opnar for transport av massar som vert lagra ved f_BL1. Dette gjeld opphavelig reguleringsplan. Transport til deponiet blir gjort via E39
------------	--	--

Offentleg ettersyn	Merknader / Innspel	Kommentar konsulent og Lindås kommune
Invild Våg (gnr 220 bnr 6 og 9)	Eigedomstilhøve Som grunneigar ikkje kjent med at Oster Utvikling AS har avtale om etablering av deponi – ber om at det fremlagges Friluftsliv Rekreasjonsområder med utgangspunkt frå Urdalen Veg opp Urdalen er mykje brukt til tur /rekreasjon og parkering vert gjort fleire stader Kombinasjonen ferdsle, parkering og tungtrafikk kan verte utfordrande og korleis dette skal løysast går ikkje fram av KU eller framlegg til avbøtande tiltak! Forureining Uroa for situasjonen knytt til ureining, krev utredning for kva type stoff, mengde, nedbrytingstid og konsekvens Påstår at etter OPS har auka drift og mykje av fisken i indre del av fjorden vorte borte, området tåler ikkje auka ureining Påstår at eksisterande ureining frå avrenninga frå steinbruddet er større enn skildra, mellom anna er ikkje dei store (auka?) nedbørsmengdene teke omsyn til i KU Eksisterande sedimenteringsbasseng klarar i dag ikkje å ta unna volumet med forureina vatn Må stillast krav til nytt basseng og etablerast reinseanlegg Konsekvensane av auka transportaktivitet i Urdalen Skildra betydeleg auke av tungtrafikk, kan gje risiko for øydelagt brofeste til tilkomstveg, må sikrast av tiltakshavar Oppbygging av Urdalsvegen gjer avkøyring til privat veg vanskeleg og mellom anna må avlastning av hestar skje på vegen, etablerer avlastingsplass Rideaktiviteter og auka transport kan verte utfordrande, det må etablerast trygg gang- /rideveg, eventuelt andre alternativ tek i vare trygg ferdsle Støy Støynivået i dalen vil auke og det må gjerast støyberekning om korleis dette vil påverke tilhøva på min eigedom, ønskjer krav om årlege støymålingar	Eigedomstilhøve Private tilhøve (Lindås kommune) Konsulent Friluftsliv Rekreasjonsområder med utgangspunkt frå Urdalen Veg mot Aurdalen er ein av innfartane til Stussdalen og Husafjellet Ved realisering av tiltaket ventar ein opp til ti store køyretøy i døgnet Planforslaget hindrar ikkje annan bruk av vegen. Forureining For drift av steinbrot og deponi vert det vist til gjeldande konsesjon Planforslaget har greia ut tilhøve knytt til etablering av deponiet Med tanke på avrenning frå steinbrotet vert det vist til KU frå 2012 Eksisterande krav til sedimentbasseng for steinbrotet vert vidareført. I planforslaget er det satt av areal til ytterlegare sedimentering aust for steinbrotet ved behov Det er stilt krav til reinseanlegg i føresega Tiltakshavar har vurdert eksisterande bruer som tilstrekkeleg utbygd med tanke på planlagt trafikkaue Planforslaget legg ikkje opp til begrensingar av eksisterande bruk på vegen opp til Aurdalen. Støy For støy vert det vist til kapittel 8 og 9.3 i planskildring

Offentleg ettersyn	Merknader / Innspel	Kommentar konsulent og Lindås kommune
Oddvar	Kryss E39 – Urdal	Konsulent Kryss E39 – Urdal

<p>Urdal (gnr bnr)</p>	<p>I høve OPS skal kai nyttast til utskipping og aktuelt for mottak til deponi, bygg ein bru over E39 ved Utneustunellen slepp ein kryssing av E39 ved lasting og lossing, unngår inngrep på dyrka mark</p> <p>Anleggstid Drift i anlegget må begrensa til 06-22 og køyring 07-19, elles opphald helg og helligdagar</p> <p>Ureining Sikra redusert avrenning og gjerast undersøkingar</p> <p>Nedslagsfelt Feltet til Urdalselva er endra, må gå fram av kart kor stor denne endringa er og vurdere naudsynte sikringstiltak Undersøking av vasskvalitet og fisk i Urdalselva må vere i krav</p>	<p>Kai SK2 opnar for transport av massar som vert lagra ved f_BL1. Dette er ikkje endra i høve opphavelag reguleringsplan Transport av massar til deponiet vil komme frå E39. Planlagt ny avkøyrsløse er dimensjonert for denne trafikken.</p> <p>Anleggstid Drift i anlegget vil vere del av konsesjonssøknad</p> <p>Ureining Det vert vist til kapittel 9.3.5. av planskildringa</p> <p>Nedslagsfelt Det vert vist til kapittel 5.9 for kart over nedbørsfelt. I plankartet er det vist sone for flaumfare (H320) med tilhøyrande føresegn §7.4 Krav til dokumentasjon av vasskvalitet inngår som del av konsesjonssøknad til Fylkesmannen.</p>
----------------------------	---	--

Vurdering

Motsegn frå NVE

Motsegna frå NVE gjeld i liten grad sjølve endringa av plan. I det heile planområdet er teke med i planarbeidet er det opning for fagmyndighet som til dømes NVE å sjå på alle tema knytt til risiko- og sårbarhet for heile planområdet. Det same gjeld tilhøve for flaum- og skredfare og opninga for flomforbyggjande tiltak i Eikefetelva som er eit verna vassdrag.

Konsulent har utarbeidd ny ROS-vurdering og gjort kartlegging knytt til flaum både i Eikefetelva og det mindre Urdalsvassdraget. Grunnlagsarbeidet gav ikkje grunn til vesentlege endringar i plandokumenta, men det er gjort justeringar i kart og føresegn. Etter at nye plandokument vart utforma har det vore gjennomført avgrensa høyring og avklarande dialog mellom NVE, Statens vegvesen, konsulent og Lindås kommune.

Innspel frå grunneigarar

Under høyringa har ein motteke innspel frå to grunneigarar som i hovudsak gjeld trafikklysing, tilhøve knytt til auka trafikk og forureining.

· Trafikklysing og belastning

Anlegget baserer seg på at massane til deponiet skal kome på bil og på E39. Difor er fokus på å gjere ei naudsynt utbetring av avkøyrsla frå E39 og inn på «Urdalsvegen» (f_SKV6 og 8). Utforminga må vere slik at naudynt trafikktryggleik knytt til avkøyring vert teken i vare. Nytt kryss og busslomme må vere opparbeidd før ein kan ta deponiet i bruk og ligg i krava om rekkjefølgje (føresegna § 1.6.3)

Når det gjeld sjølve «Urdalsvegen» (f_SKV6 og 8) er det verken i gjeldande eller framlegg til endra plan skildra behov eller ønskje om utbetring eller omlegging av veggen frå tiltakshavar si sida. Det er innspel frå ein grunneigar som er for auka trafikkbelastning i

høve til turgåarar og eiga aktivitet knytt til vegen.

Tiltakshavar skildrar at ein ser føre seg eit trafikkvolum på 10 køyretøy i døgnet, men talet vil nok variere. Aukinga skjer i tillegg til transport av stein som i sklidringa er planlagt fram til 2076. Vesentleg lengre enn ein ser føre seg tida for fylling av deponiet. Vegen har vore ein del av planområdet og driftsveg for steinbrotet i lang tid. Ein kan nok ikkje underslå at sjølv om ein skal vise omsyn og ta i vare fleire brukarar av vegen har næringsverksemda ei form for prioritet. Det er over tid gjeve løyve til drift og ein har lagt til grunn ein akspet for dei verknadane drifta har for omgjevnadane når det gjeld bruk av vegen.

Ein ser ikkje føre seg at det vil vere aktuelt eller naudsynt å påleggje tiltakshavar ansvar for å etablere eigen «turveg» knytt til andre aktivitetar langs Urdalsvegen. Viss det skulle vore aktuelt å vurdere slikt tiltak måtte anna aktivitet både vore etablert før steinbrotet vart etablert og om ikkje anna ha både omfang og volum i ein betydeleg storleik.

Det er nok usemje i vurderinga om kor stor belastning den auka aktiviteten vil gje for andre brukarar. I høve til rammene for dagens aktivitet synast aukinga ikkje å vere så vesentleg at det skal vere naudsynt å gjere utbetringar eller særskilt tilrettelegging på eller langs Urdalsvegen.


Ein er i utgangspunktet samd i vurderinga som ligg knytt til verknad av planframlegget og i KU knytt til trafikktilhøve.

Forureining

Når det gjeld sigevatn forureining knytt til arbeidet og drift av deponi er drift av deponi basert på løyve frå Fylkesmannen. I løyve vert det set ramme for korleis rensing eller filtrering av sigevatn skal løyses. Eventuelle driftsmessige vilkår vert sett i dette løyvet.

Reinseanlegg for sigevatn frå deponiet skal etablerast innan for område f_BL1.

I høve til krava om rekkjefølgje, § 1.6.4 i føresegna, skal naudsynt reinseanlegg vere etablert før det vert gjeve løyve til fylling i deponiet.



Utsnitt Kryss E39 – Urdalsvegen – Plankart 241.2019

Justert framlegg

Med bakgrunn i dei rammene som var gjeve i motsegna vart det gjennomført nytt grunnlagsarbeide knytt til ROS, herunder fornya skredfarevurdring, flaumkartlegging og vurdering av behov for inngrep i verna vassdrag. I sum fant ein i likevel at det i liten grad var naudsynt å endre plandokumenta (skildring, kart og føresegn) etter at grunnlagsdokumenta og ROS-analyse vart justert.

Justert planframlegg som følgje av motsegna frå NVE vart sendt på avgrensa høyring 29.10.2018 og det kom inn ny merknad frå Statens vegvesen og NVE. Med grunn i innspela blei det gjennomført eit fellesmøte og gjort endringar i plankartet. Etter siste endring har Statens vegvesen akseptert framlegget og Lindås kommune mottok 20.2.2019 melding om at NVE trakk motsegna. Seinare stadfesta av Fylkesmannen i Vestland.

.....

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
027/19	Formannskapet	PS	28.03.2019
023/19	Kommunestyret	PS	04.04.2019

Saksbehandlar	ArkivsakID
Hogne Haugsdal	16/2862

Godkjenning av avtale om tenestetilbud – Lindås kommune og Nordhordland lensmannsdistrikt

Vedlegg:

Vedlegg_Avtale om tjenestetilbud - Lindås

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

- Kommunestyret godkjenner avtalen om tenestetilbud mellom Lindås kommune og Nordhordland lensmannsdistrikt

.....

Formannskapet - 027/19

FO - behandling:

Orientering ved lensmann Kjell-Idar Vangberg.
Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FO - vedtak:

Kommunestyret godkjenner avtalen om tenestetilbud mellom Lindås kommune og Nordhordland lensmannsdistrikt

Saksopplysningar:

Saka skal til innstilling i formannskapet
Saka skal avgjerast i kommunestyret

Bakgrunn

I politireforma er det førebyggjande arbeidet ein av dei viktigaste kvalitative endringane som

skal gjennomførast og skal derfor ha stort fokus. I samband med dette arbeidet skal det utarbeidast ein gjensidig forpliktande avtale mellom politidistriktet og kommunane om tenestetilbod, politikontaktens rolle og politiråd. Avtalen skal regulera arbeidet både på operativt og strategisk nivå. Avtalen skal tilpassa behovet i kvar enkelt kommune, men stort sett omhandle dei same tema.

Tenesteavtalen mellom Lindås kommune og Nordhordland lensmannsdistrikt omhandlar følgjande:

- Konkret tenestetilbod
- Politikontakten si rolle
- Politiråd
- Forventningar til samarbeid
- Særskilte fokusområder
- Organisering av samarbeidet

Vurdering:

Rådmannen vurderer tenesteavtalen som eit godt fundament for korleis kommunen og politiet skal samarbeidet om det førebyggjande arbeidet. Rådmannen rår til at tenesteavtalen blir godkjent.

.....



POLITIET

Avtale om tenestetilbod

mellom Lindås kommune og Nordhordland lensmannsdistrikt

Avtalen er inngått og signert

Innhald

1. Innleiing /formål	2
2. Tenestetilbod.....	2
3. Politikontakten	2
4. Politiråd.....	3
5. SLT (samordning av lokale kriminalitetsforebyggende tiltak).....	3
6. Forventningar til samarbeid	3
7. Spesielle fokusområder	3
8. Organisering av samarbeidet.....	3
9. Administrative forhold.....	3
10. Evaluering.....	3

1. Innleiing /formål

Vidareutvikling av det førebyggjande arbeidet er ein av dei viktigaste kvalitative endringane som skal gjennomførast i politireforma og skal derfor ha stort fokus. Det skal utarbeidast ein gjensidig forpliktande avtale mellom politidistriktet og kommunane om tenestetilbod, politikontaktens rolle og politiråd.

Det er nødvendig ein gjensidig pliktar seg til at det førebyggjande arbeidet skal fungere best mogeleg. Det er derfor ønskelig å beskrive både kva politiet og kommunen kan bidra med i dette samarbeidet. Avtalen skal regulera arbeidet på både operativt og strategisk nivå. Avtalen skal tilpassa behovet i kvar enkelt kommune, men stort sett omhandle dei same tema.

2. Tenestetilbod

Politiet er etablert ved to tenestestadar i Nordhordland lensmannsdistrikt. Tenestestadane skal vera i Knarvik i Lindås kommune og på Hosteland i Masfjorden kommune. Samfunnsoppdraget til lensmannsdistriktet er å gi hjelp og service til innbyggjarar, samt skapa tryggleik, lov og orden i kommunen.

Opningstider ved tenestestaden i Knarvik vil vere måndag til fredag frå kl. 09.00 til 15.00. I tillegg vil ein ha langope på torsdagar til kl. 19.00. Opningstider ved tenestestaden i Masfjorden vil vere tysdag, onsdag og torsdag frå kl. 10.00 til kl. 14.00, men en må rekne med at kontoret kan vere stengt i særskilde høve.

Ved kontoret i Knarvik er hovudkontoret i lensmannsdistriktet. Kontoret i Knarvik tilbyr teneste innan politifaglige områder. Mottak av meldingar og etterforsking i straffesaker skjer i hovudsak frå dette kontoret. Dei fleste politipatroljer har Knarvik som utgangspunkt. På enkelte kontordagar i Masfjorden vil politipatrolje kjøre ut frå dette kontoret.

Kontoret i Knarvik har vidare ansvar for sivil rettspleie og forvaltningsoppgåver tillagt lensmannsdistriktet. Sivil rettspleie er sakshandsaming og ansvar for utleggsforretningar, forlikrådssekretariat og gjeldsordning i lensmannsdistriktet. Kontoret i Knarvik kan vidare utsteda pass, utsteda kjøresetel, utsteda brukthandelsløyve, mottak av våpensøknadar, bistand i arv- og skiftesaker, mottak av hittegods. Kontoret er også høringsinstans ifm. kommunale løyve.

Lensmannskontoret vil delta aktivt i politiråd, beredskapsråd, kommunen sitt psykososiale kriseteam og kommunen si kriseleiing

Lensmannskontoret vil også delta i etablerte kriseteam ved ungdomsskulane i kommunen.

Det vil vere egen politikontakt som er kontaktledd mellom lensmannsdistriktet og kommunen, samt andre eksterne organisasjonar politiet samarbeider med.

Lensmannsdistriktet vil kunne tilby politipatrolje ved hendingar /oppdrag som politidistriktet sin operasjonssentral prioriterer å sende politipatrolje til.

Lensmannsdistriktet vil skjeldan kunne tilby førebyggjande politipatroljeteneste utan at dette er planlagt i god tid før større arrangement.

Lensmannsdistriktet vil kunne tilby sporadiske trafikkkontrollar i lensmannsdistriktet. Kontrollane vil i hovudsak vere i Lindås og Meland pga. beredskap til meir sentrale strøk. Lensmannsdistriktet vil i likevel tilby en aktiv deltaking i det førebyggjande arbeidet som TSU (trafikkfaglig samarbeids utval) tilbyr kommunane i lensmannsdistriktet.

3. Politikontakten

Politikontakt/politiråd er en av politireformas seks prioriterte funksjoner. Førebyggjande teneste skal knytast tett saman med politiets andre oppgåver i en samanhengande kjede av tiltak for tryggleik og kriminalitetsførebyggjande tiltak.

Politikontakten skal vere det faste bindeleddet mellom lensmannsdistriktet og kommunen. Politikontakten er fast medlem av politirådet.

Det skal vere en gjensidig avtale om politikontaktordninga i kommunen.

4. Politiråd

Det skal være eigen avtale om politirådssamarbeid for det enkelte politiråd. Denne skal reviderast kvart år. Lensmannen og politikontakten ved tenesteeininga er faste medlemmer i politirådet.

Politirådsmøte skal haldast minimum to gonger pr. år.

5. SLT (samordning av lokale rus- og kriminalitetsførebyggande tiltak)

Lindås kommune har ikkje SLT-koordinator.

6. Forventningar til samarbeid

Samarbeidet med kommunen er gjensidig. Det er derfor viktig at avtalen omhandlar forventningar begge veier. Det er viktig med god samhandling som for eksempel i forhold til politivedtekter, barnevern, trafikale forhold, rus-politisk handlingsplan og planarbeid i kommunen sett i et kriminalitetsførebyggande perspektiv.

Politiet har forventning om at kommunen som samarbeidsaktør, bidrar til ein samordna førebyggande innsats mot kriminalitet og rusbelasta utfordringar. Dette skal sikrast gjennom tett dialog med politikontakten / politiråd.

7. Spesielle fokusområder

- Kjernegrupper i kommunen sine ungdomsskular
- Ungdomsoppfølging / ungdomsstraff
- Trafikkførebyggjande arbeid

8. Organisering av samarbeidet

Samarbeid skal sikrast ved avtaler i politiråd og gjennom politikontaktordning.

9. Administrative forhold

Teieplikt vært følgt opp av kvar enkelt ansvarlig part.

Teieplikt er likevel ikkje til hinder for å dele informasjon når det kan være fare for liv og helse. Alle har ei plikt til å hindre nærmare gitte straffbare forhold og handlingar etter Straffelovens § 196.

Det er viktig at reglene om teiesplikt ikkje er til hinder for det førebyggjande samarbeidet. Avklaring om temaet underveis, vil være svært viktig.

10. Evaluering

Samarbeidsavtalar må evaluerast årlig. I tillegg er det utgitt vegledar frå Politidirektoratet for evaluering av politirådet.

Lensmann

Ordfører

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
024/19	Formannskapet	PS	28.03.2019
024/19	Kommunestyret	PS	04.04.2019

Saksbehandlar	ArkivsakID
Hogne Haugsdal	14/7628

Justering av selskapsavtale og stiftingsdokument for Bergen og Omland Havn IKS.

Vedlegg:

Vedlegg 1_BOH Selskapsavtale for Bergen og Omland Farvannsforvaltning IKS (L)(554380)Vedlegg 2_BOH Stiftelsesdokument for Bergen og Omland Farvannsforvaltning IKS Vedlegg 3_Notat vedrørende stiftelse av nytt IKS - Forslag til endringer i selskapsavtale

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

- Kommunestyret vedtek dei føreslegne endringane i selskapsavtalen og stiftingsdokumentet §§1, 3 og 10, herunder at namnet på BOH IKS blir endra til Bergen og Omland Farvannsforvaltning IKS (BOF IKS), og at selskapet får høve til å ta opp lån på inntil 15 mill. kroner.
- I medhald av Havne- og farvannslova av 17.04.2009 nr. 19, §10, delegeres med dette Lindås kommune sin mynde etter Havne- og farvannslova og bestemmelser gitt i medhald av denne lov, til Bergen og Omland Farvannsforvaltning IKS, med verknad frå 01.05.2019.

.....

Formannskapet - 024/19

FO - behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FO - vedtak:

- Kommunestyret vedtek dei føreslegne endringane i selskapsavtalen og stiftingsdokumentet §§1, 3 og 10, herunder at namnet på BOH IKS blir endra til Bergen og Omland Farvannsforvaltning IKS (BOF IKS), og at selskapet får høve til å ta opp lån på inntil 15 mill. kroner.
- I medhald av Havne- og farvannslova av 17.04.2009 nr. 19, §10, delegeres med dette Lindås kommune sin mynde etter Havne- og farvannslova og bestemmelser gitt i medhald av denne lov, til Bergen og Omland Farvannsforvaltning IKS, med

verknad frå 01.05.2019.

.....

Saksopplysningar:

Saka skal til innstilling i formannskapet

Saka skal avgjerast i kommunestyret

Bakgrunn:

Viser til kommunestyresak 94/17, der Lindås kommune vedtok å etablere eit interkommunalt selskap, Bergen og Omland Havn IKS (BOH IKS), for å ivareta kommunen sine lovpålagte myndighetsoppgåver. Der blei det fatta følgjande vedtak:

1. Lindås kommune godkjenner at det vert etablert eit interkommunalt selskap, Bergen og Omland Havn IKS (BOH IKS), for å ivareta kommunen sine lovpålagte myndighetsoppgåver, jf. hamne- og farvassloven § 10, saman med dei andre kommunane i hamnesamarbeidet i dagens BOH og BOH AS
2. Ordføraren får fullmakt til å stifte det nye hamneselskapet saman med dei øvrige samarbeids-kommunane. Dette i samsvar med vedlagte stiftingsdokument og selskapsavtale for BOH IKS, samt andre retningsliner som kjem fram av saka, som fastsetting av endeleg opningsbalanse, gjennomføra kapitalinnskott og halda konstituerande representantskapsmøte med val av styre og revisor. 'Det vidare arbeidet med gjennomføringa av selskapsetableringa og overføringa av kapital/verdiar, blir ivaretatt av styret og den daglege leiinga i det nye selskapet, jf. tenestekjøpsavtale med BOH AS.
3. I medhald av kommunelova kap. 5 (interkommunalt samarbeid) og hamne- og farvasslova av 17.04.2009 nr. 19 § 10, vert Lindås kommune si mynde etter hamne- og farvasslova delegert til BOH IKS. Kommunestyret forutset at delegasjonen av mynde til BOH IKS ikkje innskrenkar Lindås kommune sitt høve til å sette i verk tiltak for å verna innbyggjarane si helse når helsevern-styresmaktene tilrår dette.
4. Frå Lindås kommune blir Ståle Juvik Hauge og Nina Stabell Øvreås valt inn som medlem og varamedlem til representantskapet i BOH IKS.

I påvente av nødvendige avklaringar, mellom anna knytt til fordeling av hamne- og bykassekapitalen i

Bergen kommune, har overføring av hamneverksemda frå BOH til Bergen og Omland Havn AS (BOH AS) og BOH IKS så langt vore sett på vent.

No har bystyret i Bergen i sak 29/19 mellom anna gjort følgjande vedtak:

«1. Bergen kommune gir sin tilslutning til havnerådets vedtak fra 7.12.2018 om overføring av havnevirksomheten fra BOH til BOH AS. Dette er for øvrig i overensstemmelse med byrådets anbefaling og nærmere vurderinger i saken.»

I forkant av stiftingsmøtet for BOH IKS, som var planlagt 20.02.19, har leiinga i dagens BOH

mellom anna gjort framlegg om å endra namnet på dette IKS-et til «*Bergen og Omland Farvannsforvaltning IKS*» (BOF IKS). Dette er gjort for å markera eit meir tydeleg skilje mellom det selskapet som skal ivareta samarbeidskommunane sine lovpålagde myndigheitsoppgåver knytt til hamne- og farvannslova, og den øvrige hamneverksemda som skal overførast til BOH AS. Det vart vidare gjort framlegg om å justera formålsparagrafen, samt gje det nye IKS-et lov til å ta opp lån for å finansiera eventuelle anleggsmidlar knytt til den operative delen av farvannsforvaltninga. Bakgrunnen for ovannemnde endringsforslag er nærmare omtalt i vedlagte notat frå BOH, datert 21.02.2019

I nemnde møte vart deltakarane einige om å ikkje gjennomføra den formelle stiftinga av selskapet før det er gjennomført ei ny politisk behandling av oppdatert selskapsavtale og stiftingsdokument for BOF IKS (tidligere BOH IKS), først og fremst med bakgrunn i den nye § 10, nemleg tilgang for selskapet til å kunne ta opp lån.

Oppsummert foreslås følgjende paragrafer i selskapsavtalen og stiftelsesdokumentet endret, jf. også vedlagte utkast til samme:

§ 1 – Firmanavn

Fra:

«*Selskapets firmanavn er Bergen og Omland Havn IKS («Selskapet»)*»

Til:

«*Selskapets firmanavn er Bergen og Omland Farvannsforvaltning IKS («Selskapet»)*»

§ 3 – Selskapets virksomhet

Fra:

